

Prekenverkstedet



Den Norske Israelsmisjon

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

Kristi openberringsdag – 6.januar 2019

Preiketekst: Joh 12, 42-47

Lesetekst I: Jes 51, 4-8

Lesetekst II: 2 Kor 4, 1-6

Når lyset ikkje slepp inn

Rådsherrar og farisearar

Kapittel 12 i Johannesevangeliet plasserer Jesus i Jerusalem, før dei store påske-hendingane. Teksten er ei slags oppsummering: Korleis har det gått med Lyset som kom til verda – i møte med ‘hans egne’? Her slår Jesus sjølv fast at det ikkje har vore berre suksess. Johannes spenner på ein måte ein boge mellom sitt første kapittel og vårt avsnitt i kap.12.

For Johannes er det viktigaste at heilskapen kjem fram. Han skriv evangeliet så lenge i ettertid at han heile tida gjennom evangeliet har fasiten og konklusjonen klar: Jesu egne, dvs ‘jødane’, tok ikkje imot han – berre unntaksvis.

Ofte blir ‘jødane’ brukt representativt om dei religiøse leiarane, som om alle var kritiske til Jesus. Men biletet er meir nyansert. Evangelie-teksten omtalar ‘rådsherrane’. Mellom desse fans det altså nokre som trudde på han (som Messias), men utan å gjere det openlyst. Ein av dei kom til han om natta, Nikodemus. Saman med Josef frå Arimatea sytte han også for gravferda. Men makta til å støyte ut av synagogen låg hos farisearane.

Evangelietekst og GT

«*Lytt til meg, mitt folk, mitt folkeslag, vend øyret til meg! For lov går ut frå meg, brått gjer eg min rett til lys for folka.*» (Jes 51). GT-teksten har sanneleg relevans for preiketeksten denne dagen (!) For no har Han, som kom som Ordet og Lyset, og som oppfyllinga av Guds Lov og Rett, fullført si offentlege gjerning, presentert seg sjølv og den som sende han. Johannes oppsummerer med å sitere profeten Jesaja i versa før vår tekst:

«*Han har gjort auga deira blinde og hjartet deira hardt, så dei ikkje skal sjå med auga og skjøna med hjartet og venda om, så eg får lækja dei.* Dette sa Jesaja fordi han såg Jesu herlegdom og tala om Jesus.» (v 40-41).

Evangelisten finn dekning hos Jesaja for sin observasjon: Harde hjarte, som ikkje trur, er ei ‘forherding’ som følgje av ulydnad – slik det skjedde med Guds folk i den gamle pakts tid, igjen og igjen. Å høyre Jesu tale, i skriftleg eller munnleg form, krev eit gjensvar – for eller mot, tru eller vantru.

Kven gjer blind?

I følgje Paulus i 2 Kor 4, (lesetekst II) er det Guds motstandar som gjer at folk ikkje ser evangeliet, ikkje tek imot apostlane si forkynning: «*Er vårt evangelium løynt, så er det løynt for dei som går fortapt. For guden i denne verda har blinda forstanden til dei vantruande, så dei ikkje ser lyset som strålar frå evangeliet om Kristi herlegdom, han som er Guds bilete.*»

I alle fall vil der vere motkrefter når Jesus vert forkynt. I vår ‘etterkristne’ tid kan kanskje ordet

«likesæle / likegyldighet» (til)dekke mykje av dette. For å setje det på spissen: Kven har ansvaret: Gud, Satan eller mennesket sjølv ?

Tru og vedkjenning

Kva hadde hendt vidare, dersom desse rådsherrane, altså folk høgt oppe i systemet, hadde flagga si Jesus-tru? Korleis hadde det første kristne århundre sett ut – og dei hundreåra som kom? Evangeliet skulle tydelegvis ikkje segle i medvinds bør, og Paulus plasserer dei truande langt nede på den sosiale rangstigen. Det som står lågt i verda, er utvalgt av Gud, - slik kjem Guds kraft og nåde til sin rett. (1 Kor 1).

Dei rådsherrane som var Jesus-truande, var 'feige', redde for å bli utstøytte av synagogen. Slik vart historia forma, sjølv om Jesus, Johannes og dei andre var *rot-ekte* jødar.

Vedkjenninga og vitnemålet er det som har bore evangeliet fram, til nye menneske og til nye folkeslag. Difor har den som trur, ei forplikting. Somme stader i verda er det reell risiko knytt til vedkjenninga – hos oss er det knapt eit spørsmål om 'ære'.

«Han som har sendt meg»

Jesus er eitt med Gud; avvisinga av Jesus er avvising av Israels Gud. Det var ikkje første gongen folket vende seg bort frå sin Jahve, men endå meir alvorleg no når han hadde openberra seg gjennom Jesus. Joh 1: «*Ingen har nokon gong sett Gud, men den einborne, som er Gud, og som er i fanget til Far, han har synt oss kven han er.*»

Lys i verda sitt mørke

Når no Guds lys, sjølve Openberringa, har møtt dei, dreg dei sjølve dommen over seg. Guds ynskje var å frelse, slik det alltid er når ordet lyder. Men dersom 'ære frå menneske', dersom den uklanderlege fasaden ikkje slepper det avslørande lyset til, vert det korkje syndsvedkjenning eller tilgjeving. Gud står den stolte imot, men den audmjuke gjev han nåde, som skrive står.

Det er gjerne det Leonard Cohen (cohen = jødisk presteslekt....) uttrykker i si kjende strofe: «*There is a crack in everything, that's where the light gets in...*» Det er sprekkene som slepper lyset gjennom og let alt som ikkje er som det skal, bli synleg.

Utan å gje slepp på det perfekte 'imaget', er det ikkje mogeleg, og kjennest ikkje aktuelt, å søkje frelse. Den eigenrettferdige utelukkar seg sjølv.

Openberring – også for folkeslaga

Kristi openberringsdag innleiar Openberringstida i kyrkjeåret. Det skal gjennom ei rekke søndagar klargjerast kven Jesus er. Til dette biletet høyrer det perspektivet som GT-teksten peika på: «*For lov går ut frå meg, brått gjer eg min rett til lys for folka.*»

Grekarane, som tidlegare i kapitlet vert omtala, hadde søkt til Jerusalem for å tilbe. Dei representerer folkeslaga, som vende seg mot Sion og Israels Gud. Så fangar Jesus deira interesse, og Filip søkjer til sine 'kollegaer' med spørsmålet. - I neste omgang skal dei gå ut til folkeslaga, for Jesus har sagt: Eg er lyset i verda – lyset for verda.

Dei som var kalla til å vere Guds folk, skulle vere eit lys for folkeslaga. Det var deira misjon = oppdrag i verda. Difor var dei utvalde. Men det kan dei ikkje vere i kraft av å vere fullkomne i seg sjølve – like lite som ein kristen kan vere lys og salt i eiga kraft. Det kan dei først vere når dei trur på og peikar på Messias.

Retninga skiftar med Jesu gjerning: Det er ikkje lenger slik at folkeslaga skal komme *til Sion* – no skal sendeboda gå *ut* i verda med evangeliet.

Annbjørg E. Hesselberg

Tidl. misjonssekretær i DNI. Redaktør for Prekenverkstedet.

annbjorg.hesselberg@ntebb.no